

## Eigarar av fritidsbåt med interessann historie.

22.06.2016



Den staselege fritidsbåten MS Snøgg utanfor Sæbøvik

**Dersom vi besøkjer Sæbøvik, kan vi ikkje unngå å leggja merke til den prakttfulle skuta MS Snøgg. For to år sidan vart den tidlegare tollbåten, politibåten og skulebåten kjøpt av Halsnøyparet Anita Tysdal og Svenn Erik Eide og omgjort til fritidsbåt. Det er ein handel paret aldri har angra på.**



[MS Snøgg ved kai under Skånevik Bluesfestival.](#)

Svenn Erik Eide fortel at båten er på 51 fot og vart bygd i 1950 som tollbåt. Etter å ha gjort teneste som det ei tid, venta ei lang karriere som politibåt på Oslofjorden. Denne perioden gjorde MS Snøgg svært kjent, og fører til at dei noverande eigarane ofte får spørsmål om det verkeleg er denne MS Snøgg. Det er ikkje rart mange kjenner att båten! Den har nemleg også vore med som politibåt i Olsenbanden-filmane!

Etter at den hadde hatt ei lang og trufast teneste som politibåt, vart MS Snøgg leigt inn av Drammen kommune som ein del av den alternative læringsarenaen ved Nøsted skole. Elevane fekk tilpassa undervisning og vart ført fram til ordinær grunnskuleeksamen. Nøsted var også ansvarleg for vidare oppfølging over i den vidaregåande skulen. Undervisninga la vekt på kombinasjon av teoretisk undervisning og praktisk opplæring.

Neste stopp på ferda for båten vart litt tilfeldig hos Svenn Erik Eide og Anita Tysdal. Anita er godt kjent her i bygda då ho hadde oppveksten sin i Skårhaug her i Uskedalen.

- Vi hadde bestemt oss for å kjøpa fritidsbåt og dreiv og kikka på finn. Eg låg faktisk på ei strand på Kreta i juli for 2 år sidan og nytte livet då eg oppdaga at båten, som framleis var i Justisdepartementet si eige, var til salgs. Eg tenkte med ein gong at det var båten for oss, fortel Eide om opptakten til båtkjøpet. Dermed tok han første telefonkontakten.

Då han kom heim frå Kreta, vart det ny telefonkontakt. Båten var ikkje seld, men interessa var stor så han måtte hiva seg rundt. Det gjorde han, og kort tid etter var MS Snøgg blitt fritidsbåt med heimeadresse på Halsnøy.

Dei to åra dei har eigd båten, har dei hatt mykje glede av den. Med plass til mange er den på mange måtar eit sosialt senter der dei er. Svens Erik Eide fortel at dei har hatt det grådige kjekt ombord i båten i mange samanhengar. Han nemner turar til Blueshelga i Skånevik, Sildajazzen i Haugesund og Zakariasbryggen i Bergen som døme.

- Vi vert alltid godt mottekne der vi kjem med ei slik skute, fortel Eide fornøgd.

- Men det må no kosta flekk å gå med denne? spør eg.

- Det er faktisk rimeleg. Med 9 knops fart går den på under 15 liter, fortel båteigaren og legg til at stål båten veg 30 tonn og har ein Volvo-motor på 225 Hk. Den er svært god etter at den var overhald av Volvo i 2010. Båten var i si tid sertifisert for 26 passasjerar. Når det gjeld tryggleik er den svært godt utstyrt. Det er 2 redningsflåtar for henholdsvis 30 og 35 personar. Dessutan har dei omlag 25 av dei mest moderne redningsvestane. I tillegg er det både nødpeilesendar og berbar VHS som kan takast med i flåtane.

Han høyrer så fornøgd ut at eg seier at dette er jo ein båt dei kan bu godt i året rundt.

- Det er ikkje noko problem. Vi har t.d. ein stor fyrkjele ombord, og den syt for varmt vatn både i spring og radiatorar. Det er berre å stilla inn temperaturen på kjelen. Det er godt å vera ombord både sommar og vinter, avsluttar Svens Erik Eide som no ser fram til ein sommarsesong med mykje kjekt ombord i fritidsbåten deira MS Snøgg.



På Sildajazzen i Haugesund med MS Snøgg

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Svenn Erik Eide og Frode Sæbø.